



Møtebok

Sak nr 21/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Godtgjersle for styret

Anne Live Garvik søker om å få dekket omsorgsgodtgjersle til barnepass i samsvar med kommunale satsar, dvs 140 kr/t for 2008. Fjellstyret har ein omsorgsgodtgjersle på 83 kr/t. For udokumentert tapt arbeidsforteneste er satsen 132 kr/t. Møtegodtgjersle er 440 kr/møte.

Fjellstyret si godtgjersle blir fastsett av kommunestyret etter framlegg av fjellstyret. Dette vart sist revidert i 2004 og er årleg indeksregulert.

For 2008 er omsorgsgodtgjersle utbetalt etter gjeldande regelverk, dvs. 83 kr/t.

Saka vart utsett i møte den 28.1.09 i påvente av gjennomgang av kommunale reglar. I sak 4/09 har kommunen vedteke nye reglar. Det vart berre gjort mindre endringar med omsyn til reisegodtgjersle for midlertidig busette utanfor kommunen.

I sak 13/09 gjorde fjellstyret slikt vedtak: Kari Tyldum og Kjell Magne Snortheimsmoen legg fram utkast til nytt reglement for møtegodtgjersle til neste møte.

Grappa la fram to ulike alternativ til godtgjersle, eitt basert på rådmann si lønn og eit framlegg basert på lønn til dagleg leiar i fjellstyret.

Vedtak:

Styret ynskjer at godtgjersle skal byggje på rådmannen si lønn og ber gruppa leggja fram eit nytt forslag basert på dette.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: